
PLANINITIATIV

Detaljregulering for postsmoltanlegg 68/7 mfl. Skålevik planID 202007, Bømlo kommune

OPPDRAKSGIVER

Bremnes Seashore AS

EMNE

Planinitiativ

DATO / REVISJON: 19. september 2023

DOKUMENTKODE: 10221436-PLAN-PBL-01



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

PLANINITIATIV

OPPDRAG	Reguleringsplan Skålevik, Bømlo kommune	DOKUMENTKODE	10221436-PLAN-PLANIN-01
EMNE	Planinitiativ	TILGJENGELIGHET	Open
OPPDRAGSGIVER	Bremnes Seashore AS	OPPDRAGSLEDER	Linda Djuvik Sønstabø
KONTAKTPERSON	Vidar Steinsbø/Dag Helge Hellen	UTARBEIDET AV	Linda Djuvik Sønstabø Astrid Vangdal
		ANSVARLIG ENHET	Multiconsult Norge AS

INNHALDSLISTE

1	Hovudinnhaldet i planinitiativet	4
2	Planområdet	5
3	Verknader av planforslaget.....	7
3.1	Naturmangfald	8
3.2	Naturressursar.....	9
3.2.1	Landbruk	9
3.2.2	Skogbruk.....	9
3.2.3	Mineralressursar.....	10
3.2.4	Vatn	10
3.2.5	Fiskeri	10
3.2.6	Utmark	11
3.3	Friluftsliv.....	11
3.4	Landskap	11
4	Konsekvensutgreiing	12
5	Samfunnstryggleik og risiko.....	12
6	Medverknad.....	12

Etter *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven* skal tingingar om oppstartsmøte for private reguleringsplanar innehalde eit planinitiativ som i naudsynt grad skal omtala premissane for det vidare planarbeidet.

Stadnamn, gnr./bnr.	Skålevik, Goddo, 68/1, 2, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 3, 4, 6, 9, 10
Framlegg til plannamn	Detaljregulering for postsmoltanlegg 68/7 mfl., Skålevik, PlanID202007

1 Hovudinnhaldet i planinitiativet

Bremnes Seashore AS er forslagsstillar og driv eksisterande settefiskanlegg. Utviding av anlegget vil legga til rette for at ein kan produsere meir og større fisk på land. Akvakulturtiltak er konsesjonspliktige, og det er planlagt å søka om årleg konsesjon på 15 000 tonn postsmolt til snittvekt på 1,5-2,0 kilo. Dagens produksjon er på om lag 1 million smolt til ein storleik på 120 gram.

Bremnes Seashore har i dag hand om heile produksjonskjeda for laks, og er ei av dei største privateigde oppdrettsverksemdene for laks i Noreg. Selskapet har oppdrettsanlegg i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland, fordelt på 23 sjølokalitetar i fleire kommunar. Dei har tre anlegg for produksjon av settefisk, eitt av dei er det eksisterande anlegget i Skålevik som ein no ønskjer å utvida. Seashore-konsernet er i tillegg deleigar i settefiskanlegget AS Sævareid Fiskeanlegg og postsmoltanlegget Tytlandsvik Aqua AS.


Moderne oppdrettsanlegg på land blir i dag bygd inn i hallar. Dette vert gjort av produksjonstekniske grunnar, men vil òg medføre mindre sjenanse frå anlegget til omgjevnadane. Bygningsmassen vil truleg bli inndelt i fleire bygningskroppar, mellom anna av smittehygieniske årsaker. Anlegget skal byggast med moderne RAS-teknologi, dvs. at mellom 95 % og 99,5 % av vatnet vert resirkulert i anlegget.

Det er eit aukande fokus på at sjømat skal produserast på ein meir berekraftig måte. Landbaserte anlegg, der produksjonen skjer under svært kontrollerte forhold, vil lettare kunne dokumentera fotavtrykket som denne produksjonen gir. Vidare vil landbaserte anlegg ha mykje betre kontroll på oppdrettsvilkåra (som til dømes vasskvalitet, sjukdomskontroll, etc.), betre kontroll av utslipp og forureining, oppsamling og behandling av slam, samt betre kontroll for å unngå rømming av fisk. I eit overordna perspektiv vil difor eit landbasert anlegg ha mange fordelar framfor tradisjonelt merdoppdrett i sjø for delar av produksjonstida.

Lokalt vil bygging av anlegget ha mange positive ringverknader. Det vil bety betydelege investeringar, der lokale bedrifter kan nytta godt av både byggefasen og drifts-/vedlikehaldsfasen. Fullt utbygd vil anlegget på Goddo kunna ha behov for ca. 15-20 faste tilsette i Bremnes Seashore, i tillegg til underleverandørar.


2 Planområdet

Planområdet ligg på nordvestsida av Goddo i Bømlo kommune, ut mot Kassosen, sjå Figur 1.



Figur 1. Planområdet ligg på nordvestsida av Goddo i Bømlo kommune, markert med pil i kartet
Kjelde: kommunekart.no


Forslag til varslingsgrense er lagt ved, i PDF-format, sjå òg Figur 2. Planområdet omfattar heile eller deler av eigedomane gnr./bnr. 68/1, 2, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9, 10 og 69/1, 3, 4, 6, 9 og 10.




Figur 2. Forslag til varslingsgrense for reguleringsplanen (Multiconsult Norge AS, 2023)

Bremnes Seashore har i dag eit settefiskanlegg på gnr./bnr. 68/7 og 8 og 69/4. Det er planlagt utfylling i sjø, for å sikra best mogleg massebalanse, for å auka arealet på sjønivå, og for å leggja til rette for djupvasskai. Det er allereie etablert fyllingar og kaiområde i denne strandsona i dag.

Det føreligg ikkje reguleringsplan for området, men det er starta opp arbeid med regulering for utviding/oppgradering av eksisterande akvakulturanlegg i 2020. Gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune viser dei aktuelle områda innanfor føreslått varslingsgrense som LNFR-spreidde bustader, reint LNFR- føremål, naustføremål, fritidsbusetnad og næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett). Sjå Figur 3 og Figur 4.



Figur 3. Utsnitt frå gjeldande KPA for Bømlo kommune som viser planområdet og nærliggjande område. Kjelde: kommunekart.no



Figur 4. Utsnitt frå gjeldande KPA for Bømlo kommune som viser planområdet på nordsida av Katlavegen. Kjelde: kommunekart.no

Sjøområda i planområdet er regulert til noverande akvakultur (AK) og noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, samt naustføremål.

Bremnes Seashore AS har kjøpt fleire eigedomar i nærleiken av settefiskanlegget. Seashore eig 68/1 (del på nordsida av Katlavegen), 2, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9 og 69/4. Den planlagde utbygginga vil i all hovudsak gå føre seg på eigedomar som per i dag er i Bremnes Seashore sitt eige.

Tabell 1: Eigedomar som inngår i planområdet med gjeldande arealformål.

Gnr/bnr	Arealformål	Anna
68/1	Spreidde bustader	Teig på nordsida av Katlavegen.
68/2	Spreidde bustader, andre typer bygningar og anlegg (Naust) og LNFR	
68/3	Andre typar bygningar og anlegg (Naust) og Spreidde bustader	
68/4-5	Andre typar bygningar og anlegg (Naust) og Spreidde bustader	
68/6	Spreidde bustader	
68/7	Næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett) og Spreidde bustader	
68/8	Spreidde bustader, LNFR og Drikkevatn	Ein teig på kvar side av Katlavegen. Sikringssone H110 – Nedslagsfelt drikkevatn (Drikkevasskjelde og settefiskanlegg)
68/9	Spreidde bustader	
68/10	LNFR og Spreidde bustader	Vegareal
69/1	LNFR	
69/3	LNFR	
69/4	Næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett)	
69/6	Fritidsbusetnad	
69/9	Fritidsbusetnad	
69/10	LNFR	Vegareal

3 Verknader av planforslaget

Området har tilkomst via Katlavegen, som er kommunal veg. Det er per i dag uvisst om det vil bli etablert ny avkøyrsløse til anlegget, eller om ein vil bruka, og eventuelt utbetra ein av dei eksisterande avkøyrsløse innanfor planområdet.

Det er gjort ei overordna konsekvensvurdering for området for følgjande tema: Naturmangfald, naturressursar, friluftsliv og landskap.


3.1 Naturmangfald

I sjø- og landområda kring Skålevik er det i følgje Naturbase.no registrert fleirbørstemarken *Owenia borealis*, ærfugl (*Somateria mollissima*), gauk (*Cuculus canorus*), sjøorre (*Melanitta fusca*) gråmåke (*Larus argentatus*) og grønfinnk (*Chloris chloris*). Ærfugl, gråmåke, sjøorre og grønfinnk har status på norsk raudliste for artar som «sårbar», og vert difor definert som artar av særleg stor forvaltningsinteresse. Gauk har status som «nær truga» som definerer den som art med stor forvaltningsinteresse. *Owenia borealis* er norsk ansvarsart, dvs. at 25 % eller meir av europeisk bestand kan finnast i Noreg. Desse artane vert vurdert å vera av særleg stor forvaltningsinteresse, sjå Figur 5.


I følgje Artskart har det vore registrert fleire artar i området, m.a. grunna MOM-B og MOM-C undersøkingar frå 2006 tilknytt settefiskanlegget. Av desse vert det her dratt fram artane sjøorre (*Melanitta fusca*) (VU), svartbak (*Larus marinus*) (ansvarsart), gråsisik (*Carduelis flammea*) (ansvarsart), dvergalk (*Falco columbarius*) (ansvarsart) og bjørkefink (*Fringilla montifringilla*) (ansvarsart).

I følgje Naturbase.no er det registrert eit funksjonsområde for arten kvinand (*Bucephala clangula*) i sjøområdet ved Skålavika (Figur 5). Området sin funksjon skal primært vera knytt til beiting/næringsøk. Det kan òg vera sannsynleg at området har liknande funksjon for gråmåke og ærfugl. Det er vanleg å gjera slike funn ved settefiskanlegg, på grunn av utslepp av organisk materiale.

Det er ikkje registrert særskilde naturtypar innanfor eller i direkte tilknytning til planområdet. Det er registrert to område med den marine naturtypen «Blautbotnsområde» av lokal viktig verdi nordvest for området, mellom Utslættøya og Skorene, samt mellom Utslættøya og Ylvesøya. Det er tre område med den marine naturtypen «Skjellsand» mellom Høgeholmen/Jonsholmen, Utslættøya og Ylvesøya. Desse er klassifisert som viktige.



Figur 5 Utsnitt som viser funksjonsområde/leveområde for artar og artar som har særleg stor eller stor forvaltningsinteresse. Kjelde: miljoatlas.miljodirektoratet.no



Figur 6 Utsnitt frå Artskart som synar registrerte og observerte artar med raudlistestatus i det aktuelle området. Kjelde: artskart.artsdatabanken.no

3.2 Naturressursar

3.2.1 Landbruk

Det er lite aktivt landbruksareal innanfor innspelsområdet, sjå Figur 8. På gnr./bnr. 68/1 ligg det eit område på 1,2 daa fulldyrka areal, samt eit mindre areal (2,2 daa) med innmarksbeite. Dei siste 25 åra har det berre vore slått gras eitt og anna år, men inga form for gjødsling. Arealet er overgrodd.

3.2.2 Skogbruk

Delar av gnr./bnr. 68/1 utgjer skogareal, men denne skogen er definert som uproduktiv med impediment som bonitetsgrad. Grunntilhøve er oppgjeve som grunnlendt. I følgje NIBIO sitt SatSkog-prosjekt er skogarealet dominert av furu (58 %), medan gran utgjer om lag 20 % og lauvskog 20 %. Alderen på skogen er relativt ung, om lag 30 år.



Figur 7. Utsnitt frå AR5-kart. Kjelde: kilden.nibio.no

3.2.3 Mineralressursar

I følgje NGU er lausmassetypen i området «bart fjell». Denne typen vert nytta om område kor det stort sett manglar lausmassar, og meir enn 50 % av arealet er berg/fjell i dagen.

Berggrunnen i området er primært samansett av granodioritt (Rolvnesgranodioritten). Denne bergarten har ein grov karakteristikk, og er raud til grå i farge. Stadvis har bergarten megakrystallar av kalifeltspat, og kan òg stadvis vera monzogranittisk til kvartsmonzogranittisk i samansetnad.

Det er ikkje registrert førekomstar eller prospekt av grus- eller pukkressursar (byggjeråstoff), industrimineralar, naturstein eller metall i eller i nærleiken av planområdet.

3.2.4 Vatn

Settefiskanlegget i Skålevik har uttak av ferskvatn frå Skålevikvatnet. Dette vatnet dekkjer både behov for ferskvatn i produksjonen, samt til sanitæranlegg på anlegget. Skålevikvatnet er ikkje kommunal drikkevasskjelde. Det er planlagt å kopla nordre enden av Goddo til eksisterande leidningsnett frå BVA. Det er i planane til BVA å bygge ut dette i 2032.

Ut frå nasjonal grunnvannsdatabase (GRANADA) kjem det fram at mykje av busetnaden på nordsida av Goddevegen/Brandasundvegen, nordaust for arealinnspelet, får vatn til hushaldningane sine frå grunnvassborehol/-brønnar i fjell.

3.2.5 Fiskeri

Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for fisk i sjøområda utanfor Skålavika. Det er heller ikkje registrert skjelførekomstar eller rekefelt. Nord for planområdet er det registrert fiskeriaktivitet med reiskap, hovudsakleg for makrell. Det er registrert ein lite brukt låssettingsplass i Seiavågen, eit stykke vest for planområdet. Det er opplyst at denne vert nytta av 3-4 fartøy, og at den vert nytta for hovudsakleg sild og sei. Kassosen er ein del av vassførekomsten Selsfjorden, som i følgje Vann-nett har god økologisk og kjemisk tilstand. Det skal vera ein bestand av aure tilknytt Skålevikvatnet. Skålevikvatnet har god økologisk og kjemisk tilstand.

3.2.6 Utmark

I 2010-2011 vart det utført ei kartlegging av sjøaurebekkar på Bømlo. På Goddo vart det registrert to moglege sjøaurebekkar, begge sør på Goddo i tilknytning til Barmane. I Skålevikvatnet er det registrert ein bestand av aure.


Heile Goddo er eitt jaktvald med eitt jaktfelt. Det har ikkje vore registrert observert eller skote hjort i jaktvaldet sidan 2019 (kan skuldast forseinking i innrapportering), men årleg tildeling av jaktkvote sidan 2015 har vore fire dyr.

Det er ikkje registrert at området vert nytta til utmarksbeite i noko særleg grad. Det er i dag beiting av sau på deler av nærområde til Skålevik.

3.3 Friluftsliv

Nordvest for planområdet ligg friluftsområdet «Slottet»; eit område med strandsone inkl. sjø og vassdrag. Sør på Goddo ligg friluftsområdet «Goddo», som er eit utfartsområde. Begge friluftsområda har A-verdi («registrert»), dvs. svært viktige friluftsområde. Det er inga registrerte friluftsområde i Skålevik.

Dei mest populære turområda på Goddo ligg på sørsida av øya, med for eksempel dagsturhytta. I planområdet er det ein merka sommarsti frå Katlavegen og ned langs austsida av Skålevikvatnet.



Figur 8 Utsnitt frå fylkeskart med friluftsområde og turstiar (raud strek). Kjelde: fylkesatlas.no

3.4 Landskap

Nore Bømlo ligg i landskapsregionen «Kystbygdene på Vestlandet».

Området nord for Katlavegen ligg i landskapsområdet «Kassosen-Ylvesøyvågen», og har verdi 4. Landskapstype er «Våg- og smalsundlandskap». Områdets karakter er påverka av godt tilpassa vegframføring til den gamle handelsplassen Brandasund, og har omfattande og tradisjonsrik

sjøtilknytt busetnad. Det har tidlegare vore noko slåtteland og beite i området. Kratt og småskogsvegetasjon dominerer på lune plassar.

Området sør for Katlavegen ligg i landskapsområdet «Goddo», og har verdi 3. Landskapstype er «Kystheiene», og er heilskapleg med kystlynghei. Veggen følgjer ytterkanten av området. Området har raskt vekslende topografi og mange vatn. Det er lite trevegetasjon/skog i området, men det er noko tilvekst i aust. Området er orientert mot storhavet, men er likevel skydd.

4 Konsekvensutgreiing

Planområdet er i overkant av 105 daa. Sjølv om ikkje heile dette arealet vil bli regulert til næringsbygg, er det sannsynleg at området regulert til næring vil vera større enn 15 000 m². Ein kjem då inn under § 6 i Forskrift om konsekvensutredningar; *Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding*. § 6b) seier at reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven for tiltak i *vedlegg I* alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Det planlagde tiltaket kjem inn under punkt 24 i vedlegg I: *Næringsbygg, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på mer enn 15 000 m²*.

5 Samfunnstryggleik og risiko

Oppdrett av laks på land representerer ein vesentleg meir kontrollerbar produksjon og kontroll med biologisk avfall enn tilsvarande produksjonsvolum i sjø. Samstundes er anlegget meir teknisk avansert og avhengig av at infrastrukturen fungerer. Kraft- og vasstilgang er det viktigaste, og risiko for brot i tilførsel vert redusert ved å bygga inn tilstrekkeleg redundans i anlegget. Risiko for fiskerømming frå landanlegg er tilnærma eliminert ved fysiske barrierar. Anlegget vil dermed i seg sjølv ikkje medføra auka samfunnsrisiko.

Eit landbasert akvakulturanlegg som er planlagt i området vil vera avhengig av at infrastruktur fungerer kontinuerleg året rundt. Kraft- og vasstilgang er det viktigaste, og for å redusera risikoen vil det bli planlagt med dupliserte system, eventuelt alternative nødstraumskjelder.

6 Medverknad

Lovfesta medverknad vil bli følgd opp i planprosessen, i form av varsling om oppstart og vidare gjennom 1. gongs handsaming av reguleringsplanen. Det kan vidare bli aktuelt å kalla inn naboar og andre interessantar til informasjonsmøte i løpet av planprosessen. Behovet for dette vil bli vurdert seinare. Det er eit prioritert mål å etablere eit godt samarbeid med lokale interessantar, slik at ein i størst mogleg grad reduserer usikkerheit og moglege interessekonfliktar. Bremnes Seashore er i dialog med næraste grunneigarar til anlegget.

I samband med varsel om oppstart må det utarbeidast ei liste over kva for offentlege instansar og andre interessantar som skal varslast.